



Hordaland fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

Vår ref.: LSK

Dykkar ref.:

Voss, 30.03.2016

Justering av undervisningstilbode ved VOV 2016-17.

Kommentar til Innføringsklassen

Syner til kommentar frå Nils Skavhellen for prognosetala til Innføringsklassen der søkjartalet per no er for lite til å starte opp innføringsklassen. Her kjem nokre moment vi meiner talar for at tilbodet bør komme på plass for skuleåret 2016-17.

- 1) Vi har vore i kontakt med Voss kommune og har fått tilbakemelding på at det i løpet av våren og sommaren skal ta i mot 18 ungdommar i kategorien *einslege mindreårige*. Truleg vil nokre av desse vere moglege søkjarar for dette tilbodet.
- 2) Alle dei vidaregåande skulane på Voss har store utfordringar med å gje minoritetsspråklege elevar som går i normale Vg1 løp god nok undervisning. Vi ser at desse elevane har for dårlege norskkunnskapar og hadde tent på å gå eit år i ein innføringsklasse før dei starta på Vg1. Mange av desse elevane endar opp med karakteren 1 i mange fag pga. språkvanskar og ein del av desse må difor ta Vg1 løpet på nytt påfølgjande år. Her meiner vi det er ei betre løysing dersom vi lukkast i å få dei inn i Innføringsklassa eit år fyrst og i vanleg Vg1 løp året etter.
- 3) Vi veit at talet på søkjarar er noko lågt, men vi held fast på at vi bør ha eit slikt tilbod på Voss og vi ber difor Opplæringsavdelinga gje oss klarsignal til å starte eit slikt tilbod 2016-17. Vi meiner det er viktig å starte tilbodet for skuleåret 2016-17 på tross av lågt prognosetal. Grunngevinga for dette er at vi ser for oss at rekrutteringa til eit slik tilbod blir lettare dersom tilbodet alt er etablert og at talet på søkjarar vil bli høgare i åra som kjem. Dersom vi skal lukkast med god opplæring for denne gruppa av elevar må vi sikre at dei har eit godt utgangspunkt før dei startar på Vg1 og eit år i innføringsklasse for minoritetsspråklege kan vere ei god løysing for mange av desse ungdommane.

Kommentar til Vg1 Service og samferdsel

- 1) Vi ser at vi har få primærsøkarar til Vg1 Service og samferdsel (SSSSA1----). Mest truleg vil vi ha for få elevar ved skulestart og ynskjer difor å ta bort dette tilbodet for 2016-17. Vi vil understreke at programområdet er planlagt som eit tilbod ved Nye Voss gymnas som ein del av skulebruksplanen. Det er viktig at vi greier å oppretthalde fagmiljøet og kompetansen inn mot samanslåinga og skulen kjem no til å jobbe for å få søkjarar nok til å starte dette tilbodet opp igjen frå august 2017.

Konklusjon:

- 1) Starte opp Innføringsklassen for minoritetsspråklege (AOLOVOJ---) for skuleåret 2016-17 slik at vi får etablert dette på Voss.
- 2) Ta bort tilbudet Vg1 service og samferdsel (SSSSA1----) for skuleåret 2016-17.

Med helsing

Line Skage
Rektor